



# Valldal Idrettslag

Referat styremøte Valldal IL  
Torsdag 20. mai 2021 kl 19.30 -21.30  
Klubbhuset – Omenås

Til stades:

Einar Hoel, Odd Lennart Vikene, Lars Petter Hauge, Ellisiv Jarvik, Monika Høydal Lingaas

1. vara til styret: Turid Løvoll

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Oddbjørn Myklebust

Disksport v/Richard Moen

Dagleg leiar Olav Løvoll

Forfall:

Fotball v/Remi Uri-Landsnes

Sakliste -

**15/21 Kort informasjon frå gruppene, hovedstyret og dagleg leiar**

Ski-

Sesongen avslutta. Gjennomført VM på ski og VM skiskyting. SBM-cup avlyst i Valldal og flytta til Molde.

Tre løparar påmeldt til kretslag langrenn Møre og Romsdal Skikrets

To løparar påmeldt til Storfjordlangrenn. Stor nedgang med løparar i Storfjordlangrenn, frå 27 til 7.

Friidrett-

Første cup 25. mai

Eigen cup, ikkje samarbeid med Liabygda om å arrangere. Men Liabygda er sjølvstøtt og velkomne å delta i Valldal.

Ha planlagt fire cupar i 2021.

Disksport-

Sesongen i gang. Forseinka oppstart på heile bana, p.g.a. snøskredfare ved nokre av korgene  
Bestilt klubbkjortler, 30 stk. Rimelege i sal til medlemmar.

Vårslepp planlagt til 5. juni etter fleire utsettingar

Nord-vest revisjon AS sponsar gruppa med 15.000 kroner

Trim-

Trimpostar utlagd, i alt 25 stk. Brukar Georeg også i år, men det vert også lagt ut fysiske postar med kode. Ikkje alle tilgjengeleg enno p.g.a. snø

Fotball-



# Valldal Idrettslag

Styret-

Samordna registrering gjennomført og søkt om mva-kompensasjon innan fristen 30.4. Viktig at medlemmar registrera kva gruppe(r) dei er aktive i. Det vil lette innsendinga. 233 medlemmar rapportert inn for 2020. Ein ganske stor nedgang i høve til førre året  
Har fått om lag 19.000 kroner i korona-kompensasjon. Dette er kobla til mva-kompensasjon for 2019 og utbetaling gjennom NIF.

Søknad om kulturmidlar Fjord kommune, frist 1.6.

Ressursgruppe bør kome i gong. Oppfølging av dagleg leiar.

Dagleg leiar-

Har følgd opp manglande betaling av medlemskontingent 2021.

Digitalt marknadslotteri. 28.000 kroner i brutto inntekt. Gevinstar utlevert

## 16/21 Konstituering

Kasserar: Lars Petter Hauge

Skrivar: Monika Høydal Lingaas. Har ansvar for skriving av referat frå styremøte

Husansvarleg: Ellisiv Jarvik Valdøl held fram i samarbeid med dagleg leiar

Ansvarleg politiattest: Olav Løvoll held fram. Viktig at det vert søkt om attest på alle trenarar/leiarar som har ansvar for barn/unge. Olav har oversikt over innenta attestar og reglar. Ta kontakt ved spørsmål

## 17/21 Sommararrangement

Følgjande er terminfesta i sommar:

- Mefjellet opp søndag 27. juni

Vert gjennomført på planlagd dato dersom det vert opna for det i sentrale rentningslinjer. Frist for å ta avgjerd om gjennomføring, 4. juni. Alternativ med utsetting eller avlysing.

Ansvarleg for gjennomføring:

Magne Eivind Glomnes

Lars Petter Hauge

Magne Hoel

Kåre Erstad, sponsor

Gruppa knytter til seg nødvendig hjelp og set opp funksjonærliste

Det skal søkjast om godkjenning av arrangement hos smittevernlegen i Fjord kommune

- Jordbærdilten laurdag 31. juli

Prøver å arrangere både Minidilten for dei yngre og Jordbærdilten. Brukar Rådhusmarka som i fjor.

Ansvarleg for gjennomføring:

Magne Eivind Glomnes

Einar Hoel

Turid Løvoll

Gruppa knytter til seg nødvendig hjelp og set opp funksjonærliste

Det skal søkjast om godkjenning av arrangement hos smittevernlegen i Fjord kommune



# Valldal Idrettslag

Dersom dette ikkje kan gjennomførast på fastsett dato p.g.a. koronaretningslinjer vert løpa avlyst.

Valldal IL vil ikkje arrangere andre aktivitetar i samband med olsok-helga.

## 18/21 Granulat i kunstgrasbana

I samband med djuprens av kunstgrasbana i 2020 vart det meldt tilbake at det var lågt nivå med gummigranulat i bana. Det forelegg tilbod frå TeBe Sport, som rensa bana, om levering og utlegg av granulat. Pris for 10 tonn granulat inkl reise, transport og utlegging kr 87.875. Dei har også tilbod på bruk av resirkulert granulat. Dette vil koste iflg tilbod kr 61.875 dvs ei innsparing på kr 26.000. Til møtet var det også kome tilbod frå Sportsurface på kr 68.750. Dette er nytt granulat. Alle prisar er inkl mva.

Vedtak:

Styret går for TEBE sport sitt tilbod på resirkulert granulat til ein pris på kr 61.875 inkl mva ferdig utlagt.

## 19/21 Sommarskule Fjord kommune

”Fjord kommune ønskjer å kome i kontakt med lokale aktørar som vil vere med å arrangere sommarskule.

I samband med nedstenginga av skular og fritidstilbod som følgje av koronapandemien, har regjeringa i år gitt ekstra bevillingar for å arrangere sommarskule for 1.-10. klasse. Sommarskulen blir fullfinansiert av Fjord kommune og det skal vere gratis for alle deltakarane.

**Målet** med sommarskulen er å gje fleire unge ein arena der dei kan delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i sommarferien 2021, samt ei muligheit til å få fagleg påfyll”Sitat frå Fjord kommune sine heimesider.

Styret finn ikkje grunnlag for å lage eit opplegg innanfor denne ordninga i 2021. Laget stiller sine anlegg til gratis disposisjon. Utover er det ikkje personar som har høve til å ta på seg ansvar for eit slikt opplegg

Det vert vist til tidlegare saker om idrettsskule og det er ei klar målsetting at dette skal startast opp til hausten. Saka vert teke opp på neste styremøte.